



Arkivnr: 2014/10441-18

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 11. mars 2014. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av SEB.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB.
Renta fram til 11. juni 2014 er 1,59 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.03.2014

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 11. mars 2014. Renta på lånet har vore 1,76 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Den 07.03.2014 har ein fått inn følgjande tilbod på 3 månaders sertifikatlån:

	<u>Nominell rente</u>
SEB Merchant Banking	1,59 %
Nordea Markets	1,61 %
DNB Markets	1,62 %
Danske Bank Markets	1,65 %

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit 3-månaders sertifikatlån, og aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking.